

LOV FOR Stord Fotball

Stifta 9. desember 2009

Sist endra 08.04.2026.

§ 1 Formål

Formålet til idrettslaget er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på dei verdiar som er vedteke av Idrettstinget.

§ 2 Organisasjon

- (1) Idrettslaget er sjølveigande og frittstående med berre personlege medlemmer. Idrettslaget inngår i ein idrettslagsallianse med Stord Idrettslag. For reglar om idrettslagsalliansar gjeld [NIFs lov § 10-7](#).
- (2) Idrettslaget er medlem av Norges Fotballforbund. For reglar om plikta idrettslaget har til å vere medlem av eit særforbund gjeld [NIFs lov § 10-1 \(4\)](#).
- (3) Idrettslaget er medlem av NIF og dermed tilslutta Vestland idrettskrins og Stord idrettsråd.
- (4) For reglar om representasjonsrett gjeld [NIFs lov § 10-3 \(1\)](#).
- (5) For reglar om plikta idrettslaget har til å halde regelverket og vedtaka til overordna organisasjonsledd gjeld [NIFs lov §§ 2-2 og 2-3](#).

§ 3 Medlemmer

- (1) For reglar om opptak av medlemmer, utmelding, fråtaking av medlemskap m.m. gjeld [NIFs lov §§ 10-4 og 10-6](#).
- (2) For plikta idrettslaget har til å registrere opplysningar i medlems- og organisasjonsregisteret til idretten gjeld [forskrift om medlems- og organisasjonsregisteret til idretten, jf. NIFs lov § 10-5](#).

§ 4 Kjønnfordeling

For reglar om kjønnfordeling i styre, utval m.m. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd gjeld [NIFs lov § 2-4](#).

§ 5 Generelle reglar om stemmerett, kvalifisering til val, forslagsrett m.m.

For reglar om stemmerett, kvalifisering til val og forslagsrett gjeld [NIFs lov §§ 2-5, 2-6 og 2-7](#).

§ 6 Inhabilitet

For reglar om inhabilitet gjeld [NIFs lov § 2-8](#).

§ 7 Vedtaksførleik, fleirtalskrav og protokoll

For reglar om vedtaksførleik, fleirtalskrav og protokoll gjeld [NIFs lov § 2-9](#).

§ 8 Refusjon av utgifter og godtgjering

For reglar om refusjon av utgifter og godtgjering gjeld [NIFs lov § 2-10](#).

§ 9 Regnskap og revisjon m.m.

For reglar om rekneskap og revisjon m.m. gjeld [NIFs lov §§ 1-7, 2-11, 2-13 og 2-14](#).

§ 10 Årsmøtet og årsmøtevalde organ

- (1) Årsmøtet er det høgaste styringsorganet i idrettslaget, og det blir halde kvart år innan utgangen av mars månad.
- (2) Ordinært og ekstraordinært årsmøte blir gjennomført i samsvar med denne lova og [NIFs lov §§ 2-15, 2-16, 2-17, 2-19, 2-20](#).
- (3) Oppgåvene til årsmøtet:
 1. godkjenne dei som har stemmerett
 2. velje dirigent(ar)
 3. velje protokollfører(ar)
 4. velje to medlemmer til å skrive under protokollen
 5. godkjenne forretningsordenen
 6. godkjenne innkallinga
 7. godkjenne saklista
 8. behandle årsmeldinga frå idrettslaget
 9. behandle
 - a. rekneskapen til idrettslaget
 - b. den økonomiske meldinga frå styret
 - c. eventuell melding frå kontrollutvalet

- d. eventuell melding frå engasjert revisor
- 10. behandle andre saker som kjem fram av godkjend sakliste
- 11. fastsetje
 - a. medlemskontingent på minst kr 50
 - b. eventuell treningsavgift, eller gi styret fullmakt til å fastsetje treningsavgifter
- 12. vedta budsjettet til idrettslaget
- 13. behandle organisasjonsplanen til idrettslaget
- 14. Velje:
 - a. styre med leiar, nestleiar, minst fem styremedlemmer og minst ein varamedlem
 - b. kontrollutval med leiar og minst éin medlem og ein varamedlem.
 - c. representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gi styret fullmakt til å utnemne representantane
 - d. valkomité med leiar, og minst éin medlem og minst éin varamedlem
 - e. eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget
- 15. Velje revisor til å revidere rekneskapen til idrettslaget.

Leiarar og nestleiarar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemmene skal veljast samla. Deretter skal varamedlemet veljast. Der det blir valt fleire varamedlemmer, skal det veljast 1. varamedlem, 2. varamedlem osv.

For reglar om stemmegivinga på årsmøtet gjeld [NIFs lov § 2-21](#).

- (4) For kontrollutval, gjeld [NIFs lov § 2-12](#). Årsmøtet kan vedta instruks for kontrollutvalet.
- (5) For valkomité, gjeld [NIFs lov § 2-18](#). Årsmøtet kan vedta instruks for valkomiteen.

§ 11 Styret i idrettslaget

- (1) Idrettslaget blir leidd og forplikta av styret, som representerer idrettslaget eksternt.
- (2) Styret er den høgaste styresmakta til idrettslaget mellom årsmøta, men visse avgjerder kan berre vedtakast av årsmøtet i samsvar med § 10 (3) og [NIFs lov § 2-22](#).
- (3) Forvaltninga av, og tilsynet med, alle delar av idrettslagsverksemda høyrer under styret. Styret skal sørgje for
 - at formålet med idrettslaget blir oppfylt
 - at idrettslagsverksemda og økonomistyringa er forsvarleg organisert, medrekna å vurdere idrettslaget sitt forsikringsbehov og tekne nødvendige forsikringar
 - at avgjerder vert tekne i samsvar med regelverket og vedtaket til overordna organisasjonsledd, lova til idrettslaget og årsmøtevedtaket

- at det blir registrert opplysningar i samsvar med § 3 (2)
 - at det blir utnemnt ein ansvarleg for politiattestordninga, dersom idrettslaget organiserer idrett for mindreårige eller personar med utviklingshemming
 - at det blir utnemnt ein ansvarleg for barneidretten, dersom idrettslaget organiserer barneidrett
- (4) Styret kan utnemne komitear/utval for handtering av kontinuerlege eller enkeltstående oppgåver, og utarbeide mandat/instruks for dei.
- (5) Styret skal oppnemne representantar til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd dersom årsmøtet ikkje har valt representantar.
- (6) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det, eller når minst to av styremedlemmene krev det.

§ 12 Grupper

- (1) Årsmøtet i idrettslaget kan vedta å opprette og leggje ned grupper, og korleis dei skal organiserast og leiast, eventuelt delegere dette til styret.
- (2) Dersom årsmøtet i idrettslaget ved behandlinga av organisasjonsplanen har vedteke å opprette grupper med gruppestyre, gjeld følgjande:
- a) Kvar gruppe skal ha eit gruppestyre på minst tre medlemmer. Gruppestyret blir valt på årsmøtet eller blir utnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøtet.
 - b) Gruppa bør ha minst eitt årleg møte der gruppa diskuterer økonomien i gruppa og aktiviteten i gruppa, foreslår kandidatar til gruppestyret og dessutan gir eventuelle innspel til saker som blir behandla av styret eller årsmøtet.
 - c) Gruppestyret konstituerer seg sjølv, med mindre noko anna er vedteke av årsmøtet eller av styret etter fullmakt frå årsmøtet.
 - d) Gruppestyret fastset ei eventuell årleg treningsavgift innanfor ramma av fullmakt som er gjeven av årsmøtet eller styret.
- (3) Gruppestyret eller representantar for grupper kan ikkje inngå avtalar eller på annan måte forplikte idrettslaget utan fullmakt frå hovudstyret eller årsmøtet, og innanfor dei rammer som er fastsette av styret eller årsmøtet.

§ 13 Lovendring

For reglar om lovendring gjeld [NIFs lov § 2-2](#).

§ 14 Oppløysing, utmelding m.m.

- (1) Idrettslaget kan vedta oppløysing

- a. ved eit einstemmig vedtak om oppløysing på årsmøtet, eller
- b. ved å vedta oppløysing med 2/3 fleirtal på to påfølgjande årsmøter, der det etterfølgjande årsmøtet må haldast minimum tre månader og maksimum 6 månader seinare.

Ein føresetnad for eit gyldig vedtak om oppløysing er at idrettslaget skriftleg varslar idrettskrinsen og særforbundet seinast 14 dagar før årsmøtet til idrettslaget behandlar forslag om oppløysing.

- (2) Samanslutning med andre idrettslag blir ikkje rekna som oppløysing av idrettslaget. Vedtak om samanslutning eller utmelding frå særforbund, og nødvendige lovendingar i tilknytning til dette, må gjerast med 2/3 fleirtal av årsmøtet.
- (3) For reglar om utmelding og tap av medlemskap i NIF gjeld [NIFs lov § 10-2](#).